



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Knut Helge Olsen / 55516534

Vår referanse:
15/226293-2

Deres referanse:

Vår dato:
04.11.2015

Vedlikehold Furebergfossen bru og Svoldalstunnelen – Oversendingsforslag

I møte i samferdsleutvalet i Hordaland fylkeskommune den 9. september 2015 tok representanten Øyvind Hardeland (Ap) opp følgende problemstillinger rundt Furebergfossen bru og:

Det er dårlig dekke på og ved brua, noko som gjer den trafikkfarleg. Det er plassert skilt inne i vegbana.

Asfalteringa i Svoldalstunnelen er dårlig utført med store humpar.

Ansvar for framkomme knytt dekke og skilting på Furebergfossen bru og dekke i Svoldalstunnelen ligg til Statens vegvesen.

Furebergfossen bru er bygd i samband med kraftutbygginga i Mauranger og har ein standard som gjer vedlikehold vanskelig. Brua har tredekke på stålbjelkar. Vanlegvis vil ein då kjøyre på tredekket, men fossen i nærleiken gjer at tredekket vil verta glatt.

Statens vegvesen har freista å leggje asfalt på brua, men lukkast ikkje å få vedheft da tredekket alltid er vått. Etter fjerning av asfalt i vår viste det seg at tredekket var svært slitt i hjulspora. Statens vegvesen vil no freista å skifte ut slidedekket på brua, og leggje på eit belegg i hall før tredekket leggjast på brua. Etterpå vil Statens vegvesen leggje eit tunt lag asfalt over brua.

Eksisterande bru er i dårleg stand. Statens vegvesen vil følgje opp brua med auka inspeksjonsfrekvens og ha kontakt med Vegdirektoratet, som etter Forskrift for fylkesvegbruer skal fastsette brukslast for brua. Ny bru ved Furebergfossen er under planlegging

<http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv551furebergfossen/nyhetsarkiv/offentleg-ettersyn-av-planforslag>).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Planforslaget er enno ikkje slutthandsama av Kvinnherad kommune. Før kommunen startar godkjeningsprosessen skal Statens vegvesen ha utgreidd korleis anleggsarbeidet kan gjennomførast utan at vegen vert stengt for trafikk i anleggsperioden.

Skiltinga på Fureberg skal no vere justert.

Når det gjeld Svodalstunnelen lukkast ikkje Statens vegvesen med reperaturane som blei utført våren 2015. Dette skuldast at asfalttjukkeleiken før fresinga berre var to cm., noko som resulterte i eit ugunstig sluttresultat. Statens vegvesen vil freista å gjennomføre full asfaltering av Svodalstunnelen i 2016, under føresetnad om tildeling av budsjettmidlar og prioritet i dekkeprogrammet.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.